

Stiftinga Litteraturbåten Epos
v/ dagleg leiar Maria Pile Svåsand
tlf. 95967881
maria@litteraturbaten.no

Strandebar, 18.11.2022

Til kommunen v/kommunedirektøren

Søknad om etableringstilskot til Litteraturbåten Epos

Litteraturbåten Epos byggjer på lange tradisjonar, med nye vyer. Dette er distrikta sin båt, og saman skapar me ein organisasjon det går gjetord om.

Bakgrunn:

Stiftinga Litteraturbåten Epos vart starta i 2022 med føremål å drive den tidlegare Bokbåten, M/S Epos vidare som flytande litteraturhus. Oppstarten kom i stand etter at Fritt Ord gjekk inn med 3 millionar i driftsstøtte fordelt på dei tre fyrste driftsåra. Dagleg leiar Maria Pile Svåsand vart tilsett, og allereie i oktober var båten på sine fyrste oppdrag i samarbeid med Litteratussymposiet i Odda.

Epos har ein 60 år lang tradisjon som bokbåt på Vestlandet, og det engasjementet og den litteraturlæra som ligg i det er med inn i den nye driftsforma som litteraturbåt. Epos er nyleg verna av Riksantikvaren. Grunnlaget er bruken som litteraturbåt og at båten er byggteknisk unik som ein av dei fyrste aluminiumsbåtane i verda.

Tidlegare vart båten drifta av fylkeskommunen. Med ny driftsform vert tilbodet meir fleksibelt. No er det distrikta sin båt, og me vil samarbeide med lokale aktørar om å skape arrangement og vere ein arena for lokalsamfunna. Båten skal vere ein møteplass og kulturarena som bidreg til ein levande kystkultur.

Hausten 2022 har stiftinga arbeidd med finansiering av kjøp av båten frå Vinnes kystsatsing. Sparebankstiftinga Hardanger har bidrige med kr 600 000 til eigenkapital. Me ventar svar på søknader om bidrag frå fleire stiftingar og organisasjonar. Me har i tillegg til midla frå Fritt Ord fått prosjektmiddel til programutvikling, arrangement og oppgradering av

Føremål:

Frå stiftingsdokumenta: *Stiftinga skal gjennom aktivitetar i båten – som seminar, debattar, opplesingar, konsertar, utstillingar, skule- og barnehagebesøk, skrivekurs og liknande – inspirere til auka interesse for norsk og internasjonal skjønnlitteratur, sakprosa og kritikk, med eit særleg øye for det nynorske skriftspråket.*

Eit døme på samarbeidsmodell er prøveprosjektet som var grunnlaget for etableringa av litteraturbåten som ei eiga stifting. Hausten 2021 gjekk 28 kommunar saman om ein turne med båten som enda med 88 arrangement fordelt på 44 stadar. Det vart sendt ein felles søknad til Fritt Ord om driftskostnadane for turneen, og kommunane – oftast gjennom folkebiblioteket – sto for ein eigenandel for arrangementet. Organisasjonen Rom for ord sette saman program for turneen som kommunane valde om dei ynskte å nytte seg av, noko mange gjorde. Andre laga program sjølv eller i samarbeid med andre aktørar. På dei fleste stoppa var det program for born og unge på dagtid, og for vaksne om kvelden. Dette er ein modell me vil vidareføra, og me planlegg ein ny turne våren 2023.

Samstundes jobbar me med fleire prosjekt som vil komme kommunane til gode. Me er i planleggingsfasen av ein valturne hausten 2023 i samarbeid med lokalmedia, og me er i dialog med fleire festivalar om samarbeid.

Målet er å ha minst to besøk i kvar kommune årleg, eitt gjennom hovudturneen i samarbeid med biblioteka , der ofte fleire stader i kvar kommune som vert besøkt, og eitt med andre samarbeidspartnarar, til dømes ein valturné i samarbeid med media. Eit besøk betyr at båten er på staden 1-3 dagar med fleire arrangement, samt ein stad å møtast i salongen om bord med servering. For bebruarane i dykkar kommune vil det bety eit føreseieleg, men variert kulturtildel. Samstundes er eit besøk om bord i Epos noko som i seg sjølv skapar minner og er ein møteplass og ei oppleveling av ein tradisjonell kystkultur.

Verdi for kommunane

Litteraturbåten Epos vil vere ein kulturinstitusjon for distrikta, slik den har vore i mange år. Dei store byane har hatt etablerte litteraturhus ei god stund, det meiner me også distrikta skal ha. Samstundes vil dette vere ein samarbeidsinstitusjon, der organisasjonar, offentlege etatar, næringsliv og kulturlivet kan møtast i samarbeid og på tvers av kommunegrensene. Stiftinga vil også fungere som eit knutepunkt for erfarsutsveksling på kultur-, turisme- og opplevingsfeltet. Dette er kultur, fartøyvern, næringsutvikling, turisme og samhandling i praksis.

Økonomi:

For å ha ei føreseieleg og langsiktig drift, treng stiftinga ei driftsramme som både gjev kulturarrangørar ein leigepris dei kan leve med, og stiftinga moglegheit til å lage og tilby program gjennom heile året og ha minst mogleg opplagstid. Dette vil me få til med tilskot frå flest mogleg kommunar, stiftinga Fritt Ord, fylkeskommunen og Kulturrådet.

Stiftinga overtek eigarskapen av båten i slutten av 2022, og har som ambisjon å kunne tilsette ein båtkunnig/styrmann i 2023. Dagleg leiari vart tilsett i 2022. Påkravd mannskap er også ein motorpassar, noko som gjer at stiftinga vil ha 3 tilsette. Me kjøper båten med middel frå Sparebankstinga Hardanger og har også søkt middel frå Grieg Foundation og Vestenfjelske bykreditts stiftelse som me ventar på svar frå. Resten av kjøpesummen på 2,5 millionar vil me ta opp lån på, med mål om å betale ned gjelta snarast mogleg.

Det tek tid å få på plass faste bidragsytalar til drift av litteraturbåten. I etableringsfasen treng me kapital som gjev oss fridom til å utvikle og skape prosjekt og jobbe opp mot samarbeidspartnarar. Difor søker me kommunane i nedslagsfeltet til båten om støtte i 2023. For den vidare drifta vil me ha meir føreseieleg støtte frå t.d. stat og fylke, i tillegg til aukande moglegheiter for eigeninntening. Med faste besøk vil me på eit seinare tidspunkt å kunne søke driftsmiddel frå kvar kommune i noko beskjeden grad.

Stiftinga Litteraturbåten Epos søker med dette støtte til etableringa av Litteraturbåten Epos i 2023, og set vår lit til at kommunen vil løyva inntil 80 000 kroner til dette føremålet.

Totalbudsjett Litteraturbåten Epos 2023

Inntekter drift

Fritt Ord	kr	1 000 000	Årleg tilskot av 3 mill. Løyvd over 3 år)
Vestland fylkeskommune - Kulturelt utviklingsprogram	kr	300 000	Innstilt
Vestland fylkeskommune - Driftstøtte verna fartøy	kr	250 000	Søkt
Andre støtteordninger verna fartøy	kr	150 000	
Involverte kommunar	kr	1 500 000	
Inntekter sal	kr	200 000	
Inntekter næringsutleige	kr	250 000	
Billettsal	kr	150 000	
Sum driftsinntekter	kr	3 800 000	

Inntekter prosjekt/formidling

Prosjektstøtte Fylkeskommunen	kr	300 000	
Kulturrådet - prosjektstøtte	kr	400 000	(175 000 er løyvd til turné vår 2023)
Kulturrådet - ARENA	kr	400 000	(140 000 er løyvd, Øyremerk inventar)
Fritt Ord prosjektstøtte	kr	200 000	
Leige/arrangementkostnader lokale samarbeidspartnalar	kr	600 000	
Andre bidragsytarar	kr	100 000	
Sum prosjektinntekter	kr	1 700 000	
Sum inntekter	kr	5 800 000	

Utgifter

Driftskostnader

Personalkostnader

Lønn og personalkostnadar	kr	2 500 000	Dagleg leiar og 2 mannskap
Godtgjering styre	kr	90 000	
Forsikring og pensjonsforsikring tilsette	kr	130 000	
Annan personalkostnad	kr	30 000	
Sum personalkostnader	kr	2 750 000	

Andre driftskostnader

Avdrag lån	kr	200 000	
Drivstoff	kr	300 000	
Kaileige og straum	kr	150 000	
Andre driftskostnader båt	kr	70 000	
Vedlikehald	kr	100 000	
Forsikringspremie båt	kr	110 000	
Administrasjonsutgifter	kr	80 000	
Honorar for økonomisk og juridiske tenester	kr	80 000	
Møte, kurs, oppdatering o.l	kr	40 000	
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	kr	70 000	
Marknadsføring	kr	50 000	
Sum andre driftskostnader	kr	1 050 000	

Sum driftskostnadar

kr **3 800 000**

Prosjekt- og arrangement

Prosjektkostnader

Utøvarhonorar	kr	1 000 000	
Reise og opphold	kr	500 000	
Teknisk tilrettelegging og utstyr	kr	200 000	
Programutvikling	kr	300 000	

Sum prosjektkostnader

kr **2 000 000**

Sum utgifter	kr	5 800 000
--------------	----	-----------

Totalt	kr	-
--------	----	---